


HB 8.B.27 (N)

Rettleiar for tilskot til tilpassing

For saksbehandlarar i kommunen



INNHALD

	Side
Forord	4 og 5
1. Formål	6
2. Tildelingskriteriar	6
2.1 Vidaretildelingsmidlar	6
2.2 Tilskot direkte frå Husbanken	10
2.3 Andre vilkår	10
3. Utmålingsreglar	10
4. Prioritering	13
5. Sikkerheit	14
6. Utbetaling av tilskotet	14
7. Nedskrivning av tilskotet	14
8. Krav om tilbakebetaling	14
9. Klageadgang	15
9.1 Husbankens vedtak og avgjerder	15
9.2 Kommunen sitt vedtak	15
10. Andre avgjersler	15
10.1 Retningslinjer gjeld for alle avgjersler om tilskot	15
10.2 Rapportering - tilskot som er gitt til kommunane for vidaretildeling	15
10.3 Behandling av personopplysningar	16
Oversikt over andre økonomiske verkemiddel	18 og 19
Eksempler på vurderingar	20 og 21
Månedsbudsjett eksempler	22, 23 og 24
Eksempel på tilskotsavtaler	25 og 26

Forord

Målgruppa for rettleiaren er kommunale saksbehandlarar som behandlar søknader om tilskot til tilpassing. Hensikten med rettleiaren er å tydeliggjere og formidle god bruk av tilskotet, støtte kommunane i sine vurderingar og motverke uheldige forskjellar i kommunane sin praksis.

Fleire eldre og personar med nedsett funksjonsevne ønskjer å bu heime i eigen bustad så lenge som mogeleg. I tillegg legg [samhandlingsreforma](#) opp til at personar med nedsett funksjonsevne og eldre i størst mogeleg grad skal kunne bu heime og motta tenester i eigen heim.

Berre ti prosent av bustadane er tilgjengelege for rullestolbrukarar og behovet for å gjere eksisterande bustadar meir tilgjengelege er stort. Auka tilgjengelegheit gir auka sjølvstende og mindre behov for tenester.

I tillegg vil auka tilgjengelegheit kunne leggje til rette for betre tenesteyting i heimen når dette er nødvendig. Det er god samfunnsøkonomi å tilretteleggje bustadane, og tilskot til tilpassing er eit godt verkemiddel til dette.

Kommunene kan, gjennom sin kontakt med innbyggjarane og sin kompetanse på bustadrådgiving, spele ein aktiv rolle i å avdekkje behov, gi råd om mogelege løysingar og støtte opp om finansiering.

Husbanken og NAV Hjelpemiddelsentralen anbefaler at kommunen etablerer eit tverrfagleg team som samarbeider i bustadsaker. Teamet bør vere samansett av bustadkonsulent med kunnskap om Husbankens verkemidler og privatøkonomi, ergoterapeut/fysioterapeut og ein fagperson med byggteknisk bakgrunn.

Vi oppfordrar kommunane til å sjå tilskot til tilpassing i samanheng med Husbankens andre økonomiske verkemidler, og håper at rettleiaren kan lette saksbehandlinga i kommunane.

Vi anbefalar kommunane å setje seg inn i og bruke [Veiviser Bolig for velferd](#). Veiviseren er ein digital verktøykasse utvikla primært for kommunane, men òg for tilsette i direktorat, fylkesmannsembete, samarbeidspartnarar og brukarorganisasjonar.



Mange har behov for samansette tenester.

På veiviseren.no har vi samla alt på ein stad innanfor bustad- og tenesteområda, både på strategisk og operativt nivå.

Veiviseren skal bidra til å auke kompetansen hos kommunar og samarbeidspartnarar, gjere offentlig sektor meir synleg, og bidra til meir lik praksis for innbyggjarane lokalt. Den skal byggje opp under målsettinga i strategien «[Bolig for velferd](#)» om å skaffe bustad til vanskelegstilte, og styrke mogelegheiten til betre meistring av butilhøvet.

Strategien seier òg at den offentlege innsatsen skal vere heilskapleg og effektiv. Dette bidrar Veiviseren til ved å ha innhald frå alle ansvarlege direktorat og samarbeidspartnarar.

Vi anbefalar særleg tema:

«[Tilpassing av bolig](#)», «[Startlån](#)» og «[Hjelpemidler og tilrettelegging av bolig](#)». Her finn du òg døme på korleis kommunar har løyst saker om tilpassing.

Bruk av rettleiaren:

Retningslinjene finn du ei i ein boks ved innleiinga til kvart kapittel.

Rettleiinga utfyller retningslinjene og er til hjelp for å forstå regelverket.



1. Formål

Tilskot skal bidra til at personar med behov for tilpassa bustad får nødvendig finansiering til å tilpasse bustaden sin, samt auke tilgjengelegheita i bustadmassen.

Tilskot til tilpassing skal vere eit tilbod om anten heil- eller delfinansiering av tiltak til tilpassing i både nye og eksisterande bustadar.

2. Tildelingskriteriar

2.1 Vidaretildelingsmidlar

Husbanken kan gi tilskot til kommunar for vidaretildeling til enkeltpersonar.

Kommunen kan gi tilskot til tilpassing av bustad til enkeltpersonar med nedsett funksjonsevne og til eldre som ønskjer å tilpasse bustaden sin, slik at dei fortsatt kan bu heime ved framtidig nedsett funksjonsevne.

Kommunane tildeler tilskotet etter ei økonomisk behovsprøving og tilpassinga må vere hensiktsmessig.

Kven kan få tilskot?

Husstandar, som har behov for å tilpassa bustaden sin på grunn av funksjonsnedsetting, kan få tilskot. Her er det behovet som er avgjerande, ikkje funksjonsnedsettinga. Eldre, som ønskjer å få utført førebyggjande tilpassingstiltak, for å tilretteleggje bustaden sin for alderdomen, kan søke kommunen om tilskot til tilpassing. Dette inneber å

vere i forkant av behovet for ein tilrettelagt bustad.

Dette kan motivere dei, som likevel brukar midlar på å pusse opp bustaden sin, til å gjere spesielle tiltak som gjer at dei framleis kan bu heime, ved seinare sjukdom, funksjonsnedsetting eller generell alderdomssvekking. Det kan vere hensiktsmessig å gjennomføre tilpassingstiltak medan ein ennå har helse og overskot til dette.

Med eldre meiner vi, i denne samanhengen, personar som nærmar seg pensjonsalder eller som er pensjonistar.

Økonomisk behovsprøving

Husbanken er kjent med at den økonomiske behovsvurderinga i fleire kommunar har vore praktisert strengt. Vi understrekar at personar med alminneleg god økonomi er i denne målgruppa. Den økonomiske vurderinga må sjåast i samanheng med at tilskotsutmålinga gir rom for eit tilskot, tilpassa den enkelte husstand sin økonomi.

Vurderinga er todelt:

1. Er økonomien til husstanden slik at den er i målgruppa for å kunne motta tilskot?
2. Kor stor del av tilpassingsutgiftene bør dekkjast av tilskot?

Dette handlar om utmåling og er regulert i retningslinjene, sjå punkt 3. Utmålingsreglar.



Er husstanden i målgruppa for tilskotet?

Husstandar med alminnelig god økonomi (inntekt og formue), er i målgruppa for tilskotet. Berre dersom familien har inntekter eller formue som ligg klart over det som er vanleg, bør ein seie at dei fell utanfor målgruppa for å kunne motta tilskot.

Gjennomsnittsløna i Noreg i 2017 ligg rundt

kr 500 000, og slike husstandar er i målgruppa.

Når det gjeld formue er det nettoformue etter frådrag for gjeld som er relevant. Bustadformue og formue knytt til ein eventuell fritidsbustad medfører normalt ikkje at ein fell utanfor målgruppa. Unntak kan vere der søkjar har ein svært verdifull eigedom.

Er nettoformuen av vesentleg omfang, ut over bustaden og eventuelt ein fritidseigedom, er ein ikkje i målgruppa for tilskotet. Formue som stammar frå erstatning for tap i framtidig erverv etter ulykke eller liknande, som har medført funksjonsnedsetting, gjer ikkje at ein person fell utanfor målgruppa for tilskotet.

For husstander, som ikkje har eigedom, må det utvisast skjøn, som gjer at denne gruppa ikkje blir vesentleg annleis behandla enn dei som eig eigedomen. Dette inneber at denne gruppa òg kan ha formue utan å vere utanfor målgruppa for tilskotet. Kommunane bør ikkje bruke absolutte inntektsgrenser.

Krav om hensiktsmessig tilpassing

Det skal leggjast vekt på at medlem(mer) har behov for tilpassing for å kunne bli buande i bustaden over tid. Dette betyr at dersom husstanden ikkje står som eigar av bustaden, må det liggje føre ei langsiktig leigeavtale, fortrinnsvis at leigetakar kan bu i bustaden til tilskotet er skrive av (10 år).

Ei leigeavtale, som ikkje er avgrensa i tid og som manglar avtale om oppseiing, må sjåast på som ei langsiktig leigeavtale. Vidare inneber kravet at det berre kan bli gitt tilskot til å dekkje nødvendige utgifter. Kva dette inneber må vurderast konkret.

Ønskjer søkjar å gjere endringar, som ikkje er vurdert som nødvendige, må søkjar ta heile kostnaden med dette. Tilpassinga må vere hensiktsmessig og dekkje behova. Dersom det finst fleire måtar å løyse dette på, må kommunen bruke fagleg skjøn for å avgjere valet av tilpassinga og kva for utgifter som skal dekkjast.

Tilskot til eldre, for å dekkje eit framtidig behov for å bli buande i bustaden, bør normalt berre vere til generelle tilpassingstiltak, som for eksempel etablere trinnfri tilkomst og å få alle nødvendige bustadfunksjonar på eitt plan. Dersom det, ut frå konkret diagnose eller liknande, er klart at husstanden vil få særskilte tilpassingsbehov, kan kommunen vurdere å dekkje fleire tiltak.



Kva slags utgifter kan tilskotet dekkje?

Det kan gjevast tilskot til utgifter knytt til spesialinnreiing/spesialtilpassing/ombygging i forhold til tilrettelegging av både nye og eksisterande bustadar, samt uteområde.

Til dømes:

- ▶ utvendig terrengarbeid der det er nødvendig for å betre tilgjenge
- ▶ spesialinnreiing av kjøken/bad
- ▶ forsterking av bygningskonstruksjonar for å kunne tåle belastning frå heis eller andre tekniske installasjonar
- ▶ påbygging/ombygging av bustad for å få alle nødvendige rom på eitt plan
- ▶ utviding av dørøpningar/rom/korridorar
- ▶ byte av dører, inkludert branndører
- ▶ fjerning av tersklar og terskelplater
- ▶ installering av/ eller tilrettelegging for velferdsteknologi, som får bustaden til å fungere betre og førebyggje behov for tenester eller innlegging i institusjon
- ▶ anna arbeid som er nødvendig for at personar med funksjonsnedsetting framleis kan bu heime

I tillegg kan ein gje tilskot til leige av prosjektleiar/byggjeleiar eller anna fagleg bistand ved ombygging/tilpassing.

For personar som har behov for omfattande ombygging eller tilpassing av bustaden sin kan det

vere ei påkjenning å innhente anbod for arbeida, vere byggjeleiar gjennom ei ombygging, og samtidig handtere kvardagen med eigen nedsett funksjonsnedsetting, eller ved å ha eit funksjonshemma barn.

Dei færraste har bygningsmessig kompetanse og føler seg ikkje kvalifisert til å vurdere anbod og å leie gjennomføringa av ombygging/tilpassinga.

Resultatet blir gjerne at søkjar vel bort å gjere noko, eller at gjennomføringa av tiltaket blir redusert til det aller mest nødvendige - og ikkje ei optimal løysing som vil fungere over tid. Ein byggjeleiar vil kunne kvalitetssikre anboda og ta hand om leiinga av ombygginga.

Kva slag bustadar kan få tilskot?

Det kan gjevast tilskot til:

- ▶ tilpassing av eigd bustad
- ▶ tilpassing av leigd privat bustad
- ▶ tilpassing av leigd kommunal bustad

Heilårsbustadar, som er eigna i forhold til behova til mottakar av tilskotet, kan det gjevast tilskot til. Kva som er ein eigna bustad vil kunne variere. Det avgjerande kriteriet for vurderinga er om bustaden vil fylle dei behova som husstanden har for ein trygg og godt tilpassa bustad.



Søknadsbehandling

Søknad om tilskot til tilpassing behandlast på bakgrunn av utfylt [skjema HB 7.S.13](#) (N), med nødvendige vedlegg.

Ved søknader om tilskot til tilpassing må saksbehandlar vurdere:

- ▶ søkjaren sitt behov for tilpassing av bustad
- ▶ om den omsøkte tilpassinga løyser behova til søkjaren
- ▶ alternative løysingar
- ▶ søkjaren sin økonomi, no og på sikt
- ▶ aktuelle verkemidlar
- ▶ støtte frå andre offentlege etatar/ forsikrings-utbetalingar etc.
- ▶ andre forhold

Kommunen har innanfor saksområde sitt ein alminneleg rettleiingssplikt. Formålet med rettleiinga skal vere å gi søkjaren adgang til å ivareta sine interesser på best mogeleg måte. I forbindelse med rettleiinga bør kommunen vere klar over at husleigelova opnar opp for at leigetakar, med godkjenning frå utleigaren, kan gjennomføre nødvendige tilpassingar på grunn av nedsett funksjonsevne.

Ei godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn, [jamfør husleigelova § 5-4.](#)

Kommunen skal følgje forvaltningslova og ulovfesta forvaltningsrett. Dette gjeld blant anna krav om likebehandling, grunngeving i vedtaket og høvet til å klage på vedtaket.

Kommunen må følgje god forvaltningspraksis og sikre at det ikkje blir utøvd usakleg forskjelsbehandling (f.eks. mellom leigetakarar i kommunale utleigebustader og private utleigebustader).

Om personar som bur i utleigebustadar får tilskot, skal det vurderast om det er rimeleg at utleigar dekkjer kostnadene heilt eller delvis.

Utmålinga ved tilpassing av utleigebustad skal ikkje vere meir enn ved eigen eigd bustad. Utmålinga skal i utgangspunktet skje på bakgrunn av dei føringane som kjem fram i retningslinjen og rettleiaren.

Dersom kommunen sitt vedtak er å behandle alle søknader om tilskot til tilpassing av framtidige behov samla på slutten av året, må kommunen bekrefte mottaket og opplyse søkjarane om når dei kan forvente svar, [jamfør Forvaltningslova § 11 a](#)

Dokumentasjon til søknaden

Søknadskjema gir nærare informasjon om nødvendig dokumentasjon. Krav til dokumentasjon vil variere frå sak til sak, alt etter søkjaren sin situasjon og kor omfattande tilpassinga er.

Søknadskjema finn du på [Husbanken.no](#).



Teieplikt og fullmakt

All saksbehandling av tilskot til tilpassing er omfatta av reglar om teieplikta etter Forvaltningslova § 13 og Offentlighetslova § 13. Saksbehandlaren har teieplikt overfor andre instansar og andre personer som ber om opplysningar i saka utan fullmakt frå søkjar. Kredittopplysningar kan innhentast når det er behov for utfyllande opplysningar. Søkjar gir fullmakt til dette ved å skrive under på søknaden.

2.2 Tilskot direkte frå Husbanken

Blir ikkje omtalt i denne rettleiaren.

Informasjon finn du på Husbanken.no.

2.3 Andre vilkår

Tilsegn/vedtak om tilskotsmidlar føreset at det er tilgjengelege budsjettmidlar. Husbanken tildeler som hovudregel tilskot ein gong i året etter søknad frå kommunen. Det er viktig at kommunen, så langt det er mogeleg, har oversikt over behovet for tilskotsmidlar.

Frå 2016 kan kommunane overføre midlar mellom tildelte tilskot til etablering og tilskot til tilpassing. Kommunene har dermed eit større handlingsrom i forvaltninga av desse tilskota. Dette gir god anledning til å målrette bruken av tilskotet til lokale behov. Kommunen kan ikkje overføre ubrukne tilskotsmidlar

som blei løyvd i 2016. Desse midlane må nyttast til det opprinnelege formålet dei blei gitt til. Det er difor svært viktig å ha oversikt over kva som ble overført til 2016 på dei forskjellige formåla.

Kommunane skal kunngjere tilskotet og oppfordre aktuelle søkjarar til å ta kontakt. Dette bidrar til at kommunen har bedre oversikt over sakene, før dei begynner å tildele midlane. Dersom det er mangel på tilskotsmidlar må kommunane prøve å forvalte tilskotet slik at prioriterte grupper, og dei med størst behov, blir prioriterte.

3. Utmålingsreglar

a. Tilskot til enkeltpersonar frå kommunen:

Storleiken på tilskotet blir gitt ut frå ei heilskapleg vurdering av behov og moglegheit for stønad frå andre offentlege stønadsordningar.

Ved tilpassing av utleigebustader skal det vurderast om det er rimeleg at utleigar tar på seg kostnadane, heilt eller delvis (tilskot blir ikkje gitt til utleigar).

Kor stor del av tilpassingsutgiftene skal tilskotet dekkje?

Dersom husstanden er i målgruppa for tilskot, tilpassinga er hensiktsmessig, det er klart kor mykje tilpassinga vil koste og den aktuelle husstanden skal prioriterast, blir spørsmålet kor stor del av kostnadane tilskotet skal dekkje.



Utmåling av tilskotet handlar om å avgjere kor stor del (%) av utgiftene, som kommunen har vurdert som nødvendige, tilskotet skal dekkje. Kommunen skal òg vurdere om kostnadane ved tilpassinga kan bli dekt med startlån eller ein kombinasjon av startlån og tilskot.

Søkjar kan ikkje få dekt dei same utgiftene frå fleire ulike offentlege etatar. Det må difor først avklarast om nokre av dei utgiftene det blir søkt om tilskot til, kan bli dekt av andre støtteordningar.

Dersom det er knapt om tilskotsmidlar må kommunen forvalte tilskotet slik at prioriterte grupper, og dei med størst behov, blir prioriterte (sjå punkt 4, side 13).

Dersom det er tilgjengelege midlar, bør utgangspunktet vere, at alle i målgruppa får dekt mest mogeleg av utgiftene sine. Med nok midlar, er det ingen ting i vegen for å tildele 100 % tilskot til husstandar som har avgrensa evne til å klare utgiftene sjølv.

Har husstanden normal god økonomi, og er vurdert å vere i målgruppa, blir det ei konkret vurdering om kommunen har tilgjengelege midlar det enkelte år som er avgjerande for om det blir gitt tilskot.

Er det tilgjengelege tilskotsmidlar, etter at dei som blir prioritert har fått tildelt midlar, kan det vurderast tilskot til denne gruppa. Dette gjeld òg om husstanden, etter tilpassinga, fortsatt har ein fornuftig reserve att. Det å ha litt reserve er ofte nødvendig for alle, og gjev ein følelse av sikkerheit.

Kva fornuftig reserve er, må vurderast i kvart enkelt tilfelle. - Kva er husstanden sitt behov? Bur familien for eksempel i eit gammalt hus eller har ein gamal bil, vil det kunne kome store utgifter, til dømes om tak må skiftast eller ny bil kjøpast.

Kommunen skal ikkje fordele tilskotet jamt ut over til dei som har søkt. Kommunen må prioritere kven som skal få tilskot og deretter må det utmålast tilskot på grunnlag av behov, det vil seie at husstandar med størst behov for hjelp frå det offentlege for å klare utgiftene, får mest.

Tilskot til tilpassing er ikkje ein rettbasert ordning. Dersom kommunen til dømes vurderar det slik at ein familie med stort behov for tilpassing og dårleg økonomi skal få 100 % utmåling, med den konsekvens at ingen andre får tilskot det året, så er det ingen ting i vegen for ei slik løysing.




Vurdere om husstanden sjølv kan betale for tilpassinga?

Det er viktig å merke seg at det er den økonomiske situasjonen til husstanden, etter at tilpassinga er gjennomført og ein lengre periode etter det, som skal vurderast. Utgangspunkt for vurderinga er husstanden si inntekt, ikkje berre i dag, men òg på sikt. For eldre må det vere med i vurderinga at dei vil få reduserte inntekter når dei blir pensjonistar. Familiar med funksjonshemma barn kan få redusert inntekt, som følgje av at mor eller far må jobbe redusert for å ivareta barnet. Ein funksjonsnedsetting kan medføre full eller delvis overgang til trygd, med påfølgjande inntektsnedgang osv.

Husstandens inntekt kan ikkje aleine danne eit grunnlag for vurderinga av husstanden sin evne til å betale for tilpassinga sjølv. Det er like viktig å sjå kva slags utgifter husstanden har. Ein husstand med mange barn vil ofte ha langt større utgifter til livsopphald enn einslege eldre. Utgifter til bil, medisinar, behandlingar, bustad og bustadlån etter tilpassinga etc. må takast omsyn til her.

Dersom søkjaren kan leggje fram eit dokumentert månedsbudsjett, samt oversikt over gjeld og formue, vil dette danne eit godt utgangspunkt for vurderinga.

Utover tilskot til tilpassing kan dessutan andre lån og tilskotsordningar vurderast. Tilskot til utgreiing- og prosjektering, bustøtte, tilskot til etablering og grunnlån/startlån er aktuelle verkemidlar. NAV Hjelpemiddelsentral, med tilskot i staden for hjelpemiddel, kan òg i nokre tilfelle vere aktuell. Sjå kortinformasjon i kapittel 10 Andre avgjersler. Meir informasjon finn du på Husbanken.no.



Til hjelp i vurderinga av betjeningsevne anbefaler vi Husbankens rettleiar:

«[Veileder til startlån](#)» - HB 7.C.17, punkt 2.



4. Prioritering

Tilskotsmidlar skal fordelast ut frå bustad- og bygningspolitiske prioriteringar gitt av departementet og føringar frå Husbanken.

Kommunen kan behandle søknadane på det tidspunktet som er hensiktsmessig for å kunne gjere gode prioriteringar.

Ved vidaretildeling av tilskot frå kommunen prioriterast søknader frå personar som har eit føreliggjande behov for tilpassing av bustaden på grunn av nedsett funksjonsevne. Barnefamiljar har høg prioritet.

Familiar med funksjonshemma barn skal ha høg prioritet ved tildeling av tilskot. Vidare skal søkjarar som har eit føreliggjande behov prioriterast foran dei som ønskjer å leggje tilrette for eit framtidig behov. Blant dei med eit føreliggjande behov skal dei som har størst behov, det vil seie der tilpassinga er mest nødvendig, prioriterast.

Søknadane bør prioriterast i følgjande rekkefølge:

- 1) Familiar med funksjonshemma barn og føreliggjande behov.
- 2) Husstander med føreliggjande behov og svak økonomi
- 3) Husstander med føreliggjande behov og normal/god økonomi
- 4) Husstander som ønsker å leggje til rette for framtidig behov

Med tanke på prioritering, kan det vere vanskeleg å vurdere søknader om tilskot tidleg på året. På ei anna side, er det uheldig om saker blir liggjande for lenge utan å bli behandla. Kommunen må derfor finne ein fornuftig balanse.

[Retningslinjene](#) opnar for at saker kan behandlast i den rekkefølge og på det tidspunkt som er hensiktsmessig for å kunne gjere gode prioriteringar.

Husbanken anbefalar følgjande rekkefølge i saksbehandlinga:

- ▶ Søkjarar i prioriteringskategori 1 og 2 behandlast fortløpende gjennom året, eventuelt i fleire bolkar gjennom året.
- ▶ Søkjarar i kategori 3 og 4 behandlast samla mot slutten av året.

[Retningslinjene](#) opnar for å behandle saker samla på slutten av året. Ei slik utsetting av søknadsbehandlinga bør primært skje for saker som ein ikkje ser for deg at det blir tilskotsmidlar igjen til, eller om det er usikkert om søknaden bør prioriterast. Dette kan vere med på å lette saksbehandlinga i kommunen.

Søkjar må få melding om at søknaden er motteken og om forventa behandlingstid.



5. Sikkerheit

Som hovudregel er det krav om pantesikkerheit ved eventuelt krav om tilbakebetaling av tilskot til enkeltpersonar som er vidaretildele frå kommunen, sjå punkt 8.

Tilskot på kr 40.000 og tilskot til leigetakarar blir gitt utan sikkerheit.

Kommunen må sjølv syte for nødvendig sikkerheit.

Kommunen må skrive ut ei tilskotssavtale som søkjar skal underteikna. Eksempel på slike avtalar finn du i rettleiaren og på Husbanken.no (søk på «tilskuddsavtale»).

6. Utbetaling av tilskotet

Tilskotet kan utbetalast i takt med framdrift eller heilt ut når bustaden er overtatt/ prosjektet er ferdigstilt/ utbetringa er gjennomført, tilfredsstillande sikkerheit er etablert og søkjar har dokumentert at kostnadene er godskrevne og fakturert.

I tilpassingssaker der byggmeister eller annan fagperson krev betaling i forhold til framdrift, vil det vere vanskeleg for mange søkjarar å forskotere tilskotet. Dette kan bidra til at enkelte ikkje har råd til å tilpasse bustaden sin, sjølv om dei har tilsegn om 100 % finansiering av arbeidet.

Husbanken anbefalar delutbetaling i samsvar med framdrift av byggjearbeida.

7. Avskrivning av tilskotet

Tilskot til tilpassing for enkeltpersonar nedskrivast med 10 prosent per fullført år frå utbetalingsdatoen.

Bevilga tilskot under kr 40 000 og tilskot til leigetakar avskrivast straks.

Tilskot til leigetakar nedskrivast straks. Dette gjeld òg når tilskotet overstig kr. 40.000.

8. Krav om tilbakebetaling

Husbanken skal kunne innhente og kontrollere opplysningar som blir brukt i samband med tildeling og etterfølgjande rapportering.

Om føresetnaden for tildelinga ikke vert overheldt, kan tilskotet bli krevd tilbakebetalt.

Det kan bli fastsett ei tidsramme for vidaretildeling av innvilga tilskot.

Blir bustaden overdratt til ny eigar i nedskrivingsperioden for tilskotet, vil attståande tilskot bli krevd tilbakebetalt, eventuelt gjort om til eit rente og avdragspliktig lån.

I særlege tilfelle, for eksempel ved sal av bustad som fører til tap, kan kravet om å tilbakebetale dette beløpet falle bort.

Om kommunen har innvilga tilskot og tilskotsmidlane blir tilbakebetalt, blir midlane ført tilbake til ramma som kommunen disponerer.

Det er ein føresetnad at midlane blir fordelt på nytt i samsvar med formålet for ordninga.



9. Klageadgang

9.1 Husbankens vedtak og avgjerder

Det er ikkje klageadgang på Husbankens avgjerd om tilskot til kommunar for vidaredeling til enkeltpersonar.

Det er klageadgang på Husbankens vedtak om tilskot til enkeltpersonar for utgreiing og prosjektering av bustadar som skal dekkje spesielle behov.

Klagen må vere skriftleg og sendast det kontoret i Husbanken som står for vedtaket. Klagen må grunngjevast og skal nevne det vedtaket det klagast over og kva for endringar som er ønskelege.

Klagefristen er tre veker frå underetting om vedtaket har kome fram. Om klagen ikkje får medhald, blir den sendt til ein uavhengig klagenemnd som er oppnemd for husbanksaker.

9.2 Kommunen sitt vedtak

Kommunen sitt vedtak skal vere skriftleg og må ha opplysningar om klagetilgang på kommunale vedtak. det kan klagast på tildeling, utmåling, avvising og avslag på tilskot etter forvaltningslova sine reglar.

Klagen skal sendast kommunen.

[Reglane for klage finn du i forvaltningslova §§ 29 – 34 og § 18.](#)

Vi gjør merksam på at søker har rett til å sjå dokumenta i saka. Kommunen sitt vedtak må innehalde opplysningar om tilskotsbeløp, kva tilskotet skal nyttast til, klagetilgang og eventuelt andre forhold som har noko å seie for tilskotet.

10. Andre avgjersler

10.1 Retningslinjer gjeld for alle avgjersler om tilskot

Retningslinjene gjeld for alle avgjersler og rutinar for administrering av ordninga.

Husbankens administrasjon fastset utfyllande avgjersler og rutinar for administrering av ordninga.

10.2 Rapportering - tilskot som er gitt til kommunane for vidaredeling

Kommunar som ikkje brukar StartSak skal rapportere på alle utbetalingar og avslag i StartRap etter kvart.

Saker som saksbehandlast i StartSak blir automatisk rapporterte.

Husbanken skal kunne hente inn og kontrollere opplysningar i samband med tildeling og etterfølgjande rapportering. Manglande rapportering kan føre til at kommunen ikkje får tildelt tilskot det påfølgjande året.

Husbanken kan gje avslag eller redusere tilskotet dersom kommunen ikkje har brukt opp midlane når ny søknad om vidaredelingmidlar skal behandlast.



10.3 Behandling av personopplysningar

Kommunen er sjølv ansvarleg for å oppfylle lovpålagte krav knytt til eigen behandling av personopplysningar.

Om kommunen ikkje nyttar Husbankens søknadsskjema, HB 7.S.13 (N), må kommunen på annan måte sjå til at søkjar får informasjonen og samtykkjer, slik det går fram i punkt 9 «Underskrift søkjar» i Husbankens søknadsskjema.

Kommunar som ikkje nyttar Husbankens skjema, må syte for at søkjar får tilsvarende informasjon og samtykke, jfr Husbankens søknadsskjema.

Teksten på søknadsskjemaet som er relevant for tilskot til tilpassing er som følgje:

«Husbanken og kommunen treng mange opplysningar for å behandle søknaden din/dykkar. Alle som behandlar opplysningar om deg/dykk har teieplikt. Vi innhentar nødvendige opplysningar om husstanden, adressa, arbeidsforhold, inntekta og om det finst andre kredittgivarar.

Kommunen vil også utveksle opplysningar med andre finansieringsinstitusjonar der det er samfinansiering av lån. I visse tilfelle kan det også vere nødvendig å innhente opplysningar frå namsmyndigheitene om gjeldsordning og tvangssal.

Ved søknad om tilskot til tilpassing kan det vere aktuelt å innhente opplysningar frå NAV, Hjelpemiddelsentralen og helsepersonell. Opplysningar om deg/dykk vil bli utleverte til Husbanken for bruk i statistikk, rapportering og eventuelt forskning. I samband med forskingsprosjekt kan det hende at opplysningane blir utleverte og/ eller kopla med opplysningar i andre offentlege register.

Du kan lese meir om Husbanken si behandling av personopplysningar på www.husbanken.no.

Opplysningane om deg/dykk vil bli lagra også etter at kundeforholdet er avslutta, jamfør arkivlova.

Du kan be om å få sjå dei opplysningane kommunen og Husbanken har registrert om deg.

Du kan også krevje at vi rettar opplysningar som er feil.

Eg/vi bekreftar at opplysningane i skjemaet er riktige og fullstendige. Eg/vi gir kommunen fullmakt til å innhente opplysningar, også slike som er underlagde teieplikt».



Bustadrådgiving

Bustadrådgiving er eit viktig verkemiddel. Husbanken og NAV Hjelpemiddelsentralen anbefaler at kommunen etablerer eit tverrfagleg team som arbeider tett i bustadsaker.

Teamet bør vere samansett av bustadkonsulent med kunnskap om Husbankens verkemidlar og privatøkonomi, ergoterapeut/fysioterapeut, og ein fagperson med bygningsteknisk bakgrunn.

Teamet bør vere forankra i den administrative leiinga i kommunen, og bør kunne ta kontakt med andre i kommunen, dersom dei ser dette som nødvendig. Eitt av medlemma i teamet bør fungere som kontaktperson for brukar. [Sjå informasjon på www.veiviseren.no](http://www.veiviseren.no).

Andre økonomiske verkemidlar


Husbanken, NAV Hjelpemiddelsentralen og kommunen har ulike tilskotsordningar som kan nyttast ved tilpassing av bustad. På side 18 og 19 følgjer ein tabell (sjå oversikt verkemiddel) som viser til den etaten som innvilgar tilskotet, kort omtale og økonomisk ramme/vilkår for verkemidlane. I tillegg kan grunnlån og startlån nyttast.

Eksempler

På side 20 og 21 er det tre eksempel på tilskotsutmålingar. På slutten av denne rettleiaren er det vedlagt budsjettutmåling for alle eksempla.

Heftet «Boligtilpassing»

Vi anbefaler å lese heftet "Boligtilpassing" der roller, ansvar, samarbeid, rådgiving og finansiering i forbindelse med tilrettelegging av bustad blir omtalt og utdjupa.



[Heftet «Boligtilpassing»](#) er utvikla i eit samarbeid mellom Nav og Husbanken.



Oversikt over andre økonomiske verkemiddel

Verkemiddel	Omtale	Økonomisk ramme/vilkår
Tilskot til utgreiing frå Husbanken.	Tilskotet til utgreiing er til personar med nedsett funksjonsevne og andre som har behov for tilrettelegging av eksisterande bustader. Tilskotet kan bli gitt til enkle undersøkingar av bustad og uteområde, beskriving av den tekniske tilstanden på bustaden, arealbehov, mogelegheiter og avgrensningar og økonomisk overslag. Utgreiinga skal utførast av fagkyndig.	Husbanken kan dekkje utgifter til utgreiinga med inntil kr 20 000 per sak. Tilskotet blir i hovudsak gitt til eksisterende bustadar.
Tilskot til prosjektering frå Husbanken.	Tilskotet til prosjektering er til personar med nedsett funksjonsevne og andre som har behov for tilrettelegging av bustaden. Tilskotet kan bli gitt til dekning av kostnader, til fagleg bistand til prosjektering, det vil seie til arkitekthonorar eller liknande. Søkjar vel sjølv fagkyndig, men prosjektering av bustaden og eventuell utgreiing i førekant må skje i forståing med ergoterapeut/ bustadkonsulent i kommunen. Prosjekteringa skal utførast av fagkyndig.	Husbanken kan dekkje utgifter til prosjektering med inntil kr 20 000 per sak. Tilskotet kan bli gitt til både nye og eksisterande bustader. Det kan i særskilte tilfelle bli gitt større tilskot. I tilfelle der tilskotet går ut over standardsatsane, skal økonomien til søkjaren vurderast.
Tilskot i staden for heis, løfteplattform, trappeheis og/eller rampe frå Nav Hjelpemiddelsentralen	Tilskotet skal brukast for å løyse brukaren sitt forflytningsproblem i eksisterande bustad. Tilskotet blir gitt til brukarar som har rett til trappeheis løfteplattform, og/ eller rampe, i henhold til lov om folketrygd. Tilskotet skal i større grad gi brukar alternative mogelege val enn dagens ordning. Ordninga erstattar ikkje eksisterande ordningar frå Husbanken og kommunen, og skal inngå i ein felles "kasse" saman med desse midlane.	Utbetaling føreset at hjelpemidlet (trappeheis, løfteplattform og/eller rampe) ikkje blir installert. Tilskotet skal ikkje overstige kostnaden til hjelpemidlet. Tilskotet skal ikkje inngå i brukaren sin eigenkapital.
Startlån frå kommunen	Startlån er til personar som har varige problem med å etablere seg i eigen bustad og til vanskelegstilte som har behov for å kunne bli buande i bustaden. Startlån kan òg gjevast til utbetring av bustad. Barnefamilier er høgt prioriterte ved tildeling av startlån. Ein kan søkje elektronisk på Husbanken.no	Kommunen kan bruke startlånet til å fullfinansiere kjøpet, eller som toplån der det private eller Husbanken gir grunnfinansiering. Som prinsipp kan kommunen leggje til grunn at dess meir vanskelegstilt husstanden er, dess større del av finansieringa bør vere startlån. For særleg vanskelegstilte husstandar, kan startlånet brukast i kombinasjon med tilskot til etablering. Dette er i dei tilfelle der husstanden ikkje har økonomi til å betene eit tilstrekkeleg stort nok startlån, og når moglegheitene for fast rente og lang nedbetalingstid er godt nok nytta.



Oversikt over andre økonomiske virkemidler

Verkemiddel	Omtale	Økonomisk ramme/vilkår
Tilskot til etablering frå kommunen	<p>Tilskotet skal bidra til at husstandar med svak økonomi, blant personar med nedsatt funksjonsevne, sosialt vanskelegstilte, flyktninger, eldre og unge i etableringsfasen, skal få nøkterne og eigna bustader. Barnefamiliar skal vere høgt prioritert frå kommunane.</p> <p>Tilskotet er til oppføring, kjøp og refinansiering av bustad og blir som oftest gitt i kombinasjon med lån. Tilskotet kan òg gå til utbetaling av bustad som er nødvendig for at bustaden fortsatt skal vere mogeleg å bu i, også over tid.</p> <p>Elektronisk søknad på Husbanken.no</p>	<p>Tildeling frå kommunane blir gitt etter en økonomisk behovsprøving.</p> <p>Det vil bli lagt vekt på at husstanden sin situasjon er av varig karakter.</p> <p>Nivået på tilskotet blir vurdert ut frå ein heilskapsvurdering av behov og mogelegheit for stønad frå andre offentlege støtteordningar.</p>
Grunnlån frå Husbanken	<p>Grunnlån kan nyttast til bygging av nye bustader og utbetaling av brukte bustader. Grunnlån kan unntaksvis bli gitt til kjøp og utbetaling av brukt bustad.</p> <p>Grunnlån kan òg gjevast til spesialtilpassing av bustader for personar med nedsett funksjonsevne og andre som har behov for dette.</p> <p>Med spesialinnreiing/spesialtilpassing meinast:</p> <ul style="list-style-type: none"> • spesialinnreiing av kjøkken/bad • forsterking av bygningskonstruksjonar for å kunne tåle belastning frå heis eller andre tekniske installasjonar • anna arbeid som etter dokumentasjon frå lege, ergoterapeut eller andre fagpersonar er nødvendige for den funksjonshemma. 	<p>Ved utbetaling kan grunnlån utgjøre inntil 100 % av de utbedringskostnadene som Husbanken godkjenner. Det er likevel en forutsetning at samlet lånebelastning ikke overstiger 90 % av antatt omsetningsverdi etter utbedring.</p>
Bustønad	<p>Bustønad skal hjelpe husstandar med låge inntekter og høge buutgifter til å etablere seg og bli buande i bustaden.</p> <p>Alle som er over 18 år kan søke bustønad, med unntak av studentar utan barn og personar i førstegangsteneste/sivilteneste.</p> <p>Om du er student og studiet ditt er ledd i eit offentlig program for arbeidskvalifisering, for eksempel yrkesretta attføring, kan du søke om bustønad. Du kan òg søke dersom du er under 18 år og har eigne barn</p> <p>Du kan søke elektronisk på Husbanken.no</p>	<p>Forholdet mellom buutgifter og inntekter for husstanden avgjer om det blir bevilga bustønad og kor stor bustønaden blir.</p>



Husbanken presiserer at dette berre er eksempel på vurderingar.

Ved tilgjengelig budsjettmidlar er det ikkje noko i vegen for å gi meir i tilskot.

Tilsvarende kan du/dykk gje mindre i tilskot dersom det er mange søknader som bør prioriterast.

► Eksempel 1

Per og Kari er gift og har tre barn. Eitt av barna, Bjarne, er funksjonshemma og sit i rullestol.

Familien har behov for å tilpasse bustaden sin for at Bjarne skal kunne fungere tilfredstillande i heimen sin.

Utgiftene til nødvendig tilpassing er kostnadsrekna til kr 250 000.

Per er i full jobb, men på grunn av familie-situasjonen har Kari redusert stilling. Per har ei inntekt lik gjennomsnittsinntekta i Noreg med kr 486 000. Kari tener kr 300 000. På grunn av funksjonshemminga til Bjarne, lokalisering av bustaden og behov for oppfølging til behandling, har familien behov for to bilar.

Behandlingsutgifter, medisinar og transport-kostnadar i samband med dette, kostar familien ca. kr 2 000 per måned.

Familien har eigen bustad med månedlege låneutgifter. I tillegg har dei arva ei hytte etter Kari sine foreldre. Denne hytta er gjeldfri.

Resultat:

Søkjær er i målgruppa og utbetringa er vurdert som føremålstenleg.

Arbeida er kostnadsberekna til kr 250 000,-. Månadsbudsjett viser kr 19,- i overskot og vurderinga vår tilseier at husstanden ikkje har ytterlegere låneevne.

Anbefalt tilskot kr 250 000.

Sjå vedlagte budsjett.

► Eksempel 2

Enkefru Olsen er 72 år. Ho har god pensjon på kr 240 000,- pr år og har formue i form av bankinnskudd på kr 150 000. Olsen har ikkje bil.

Helsa er redusert og det er behov for å tilpasse bad og fjerne tersklar i heile leilegheiten. Dette arbeidet er kostnadsberekna til kr 300 000,-.

Søkjær er i målgruppa og utbetringa er vurdert som hensiktsmessig. Søkjær ønskjer å bu heime lengst mogeleg. Dette er òg god samfunnsøkonomi.



Ved utmålinga av tilskotet viser budsjettet eit lite månedleg overskot. Fru Olsen har formue, og det er anbefalt at ho set av kr 100 000 til andre uforutsette utgifter, jfr. pkt. 3, og brukar kr 50 000 av formue/bankinnskot. Grunngevinga for dette er at ho bur i burettslagsleilegheit og dei tyngste vedlikehaldsutgiftene blir betalt over husleiga.

Anbefalt tilskot kr 250 000.

Sjå vedlagte budsjett.

► **Eksempel 3**

Familien Andersen består av to voksne og to barn, derav eitt funksjonshemma barn. Det er behov for omfattende spesialtilpassing av fleire funksjonar i bustaden.

Familien bur i eigd einebustad og har bustadgjeld på kr 4 000 000,-, billån kr 200 000,- og studiegjeld på kr 200 000,-. Lønnsinntekta til herr Andersen er kr 600 000,-.

►

For å ivareta sitt funksjonshemma barn, har fru Andersen redusert stillinga si. Ho har ei arbeidsinntekt på kr 240 000,- og omsorgsløn på kr 24 000,-.

Utbetningsarbeidet er kostnadsrekna til kr 1 500 000,-.

Resultat:

Søkjara er i målgruppa og barnet vil ha varig behov for pleie, tilsyn, tilrettelegging og avlasting. Det er eit sterkt ønske at det barnet fortsatt kan bu heime.

I vurderinga av den økonomiske situasjonen har vi lagt til grunn at familien tar eit låneopptak på kr 1 000 000 og får tilskot på kr 500 000.

Budsjettet viser eit underskot på kr 2 649.

Underskotet vil bli retta opp av skattelette etter låneopptak. I tillegg kan kommunen tilby refinansiering av eksisterande lån, med lengre løpetid enn normalt, samt fastrente for å redusere underskotet på budsjettet.

Anbefalt tilskot kr 500 000.

Sjå vedlagte budsjett.

[Nøkkeltal frå Statistisk sentralbyrå](#)



Navn: **Revidert eksempel 1**

Månedsbudsjett

Inntekter pr. måned

(bruk TAB for å hoppe mellom felt)

Brutto lønnsinntekt		kr	65 500
Pensjons-/trygdeinntekt		kr	
Barnetrygd for	3 barn	kr	2 910
Barnebidrag (mottatt)		kr	
Leieinntekt bileilighet	(overført fra Boliglån)	kr	0
Bostøtte		kr	
Andre inntekter		kr	
Samlet bruttoinntekt pr. mnd			68 410
Skattetrekk (beregn dette hos www.skatteetaten.no)		kr	16 375 *3)
Nettoinntekt			52 035

Utgifter pr. måned

Boutgifter	Anslag pr. år		Beløp pr. mnd
Kommunale avgifter	15 000	kr	1 250
Bolig-/innboforsikring	12 000	kr	1 000
Strøm	20 000	kr	1 667
Vedlikehold bolig	8 000	kr	667
Husleie / fellesutgifter	0	kr	0
Legg inn lån i Boliglån fanen			
	Beløp	Rentesats	År
Husbanken	3 000 000	6,25 %	30
	0		0
	0		0
Sum boutgifter			23 085
Andre utgifter			Beløp pr. mnd
Barnehage, SFO		kr	
Barnebidrag (betalt)		kr	
EKSTRA Transportutgifter		kr	2 200
		kr	
Sum			2 200
Andre lån	Beløp		
Studielån		kr	
Forbrukslån		kr	
		kr	
Sum andre lån		kr	0
Total lånebelastning	kr 3 000 000		
Sum utgifter		kr	25 285

Resultat før forbruksutgifter
26 750

29. mars 2017

Utskrevet 29.03.2017

Resultat før forbruksutgifter (overført)
26 750

Beregning av forbruksutgifter pr. måned:

	Under 10 år	Over 10 år	Voksne
Ant. barn og voksne	1	2	2
Mat og drikke	1 384	4 666	5 030
Klær og sko	527	1 326	1 630
Helse og hygiene	247	750	1 250
Lek og fritid	530	2 150	2 360
Reiseutgifter	207	690	1 380
Sum pr. gruppe	2 895	9 582	11 650
Redusert med antatt stordriftsfordel			-4 825
Sum personlige utgifter			19 302
Andre husholdsutgifter	5 person(er)		
Andre dagligvarer	640		
Husholdsartikler	660		
Møbler	720		
Mediebruk og fritid	2 300		
Bilkostnader	3 110	<input type="checkbox"/> Har ikke bil	
Sum husholdsutgifter			7 430
Familiens forbruksutgifter pr. måned			26 732

Satsene brukt over er en forenklet versjon av SIFO-2016 satsene

Versjon 05.04.16

Overskudd etter SIFO-budsjettet
19
OBS !

*3) Har du ikke boliglån fra før vil låneopptaket medføre at du vil få en skatte-reduksjon på inntil 3737 pr. mnd. første år.
Har du boliglån fra før, må du beregne hvor mye mer/mindre renter du kommer til å betale, og trekke fra 24% av rentene i skatten du betaler.

Navn: **Revidert eksempel 2**

Månedsbudsjett

Inntekter pr. måned

(bruk TAB for å hoppe mellom felt)

Brutto lønnsinntekt	kr	20 000
Pensjons-/trygdeinntekt	kr	
Barnetrygd for barn	kr	0
Barnebidrag (mottatt)	kr	
Leieinntekt bileilighet (overført fra Boliglån)	kr	0
Bostøtte	kr	
Andre inntekter	kr	
Samlet bruttoinntekt pr. mnd		20 000
Skattetrekk (beregn dette hos www.skatteetaten.no)	kr	4 500
Nettoinntekt		15 500

Utgifter pr. måned

Boutgifter	Anslag pr. år	Beløp pr. mnd		
Kommunale avgifter	kr	0		
Bolig-/innboforsikring	1 500	kr 125		
Strøm	15 000	kr 1 250		
Vedlikehold bolig	4 000	kr 333		
Husleie / fellesutgifter	48 000	kr 4 000		
Legg inn lån i Boliglån fanen				
	Beløp	Rentesats		
		År		
		mnd. beløp 1.år		
Husbanken	0	5,00 %	30	kr
	0		0	kr
	0			kr
Sum boutgifter				5 708
Andre utgifter				
				Beløp pr. mnd
Barnehage, SFO	kr			
Barnebidrag (betalt)	kr			
	kr			
Sum				0
Andre lån				
	Beløp			
Studielån	kr			
Forbrukslån	kr			
	kr			
Sum andre lån				0
Total lånebelastning	kr	0		
Sum utgifter	kr			5 708

Resultat før forbruksutgifter 9 792

29. mars 2017

Utskrevet 29.03.2017

Resultat før forbruksutgifter (overført) 9 792

Beregning av forbruksutgifter pr. måned:

	Under 10 år	Over 10 år	Voksne
Ant. barn og voksne			1
Mat og drikke			2 515
Klær og sko			815
Helse og hygiene			625
Lek og fritid			1 180
Reiseutgifter			690
Sum pr. gruppe	0	0	5 825
Redusert med antatt stordriftsfordel			0
Sum personlige utgifter			5 825
Andre husholdsutgifter 1 person(er)			
Andre dagligvarer	240		
Husholdsartikler	360		
Møbler	350		
Mediebruk og fritid	2 060		
Bilkostnader		<input checked="" type="checkbox"/> Har ikke bil	
Sum husholdsutgifter			3 010
Familiens forbruksutgifter pr. måned			8 835

Satsene brukt over er en forenklet versjon av SIFO-2016 satsene

Versjon 05.04.16

Overskudd etter SIFO-budsjettet 957

OBS !

Månedsbudsjett

Inntekter pr. måned

(bruk TAB for å hoppe mellom felt)

Brutto lønnsinntekt	kr	70 000
Pensjons-/trygdeinntekt	kr	2 000
Barnetrygd for 2 barn	kr	1 940
Barnebidrag (mottatt)	kr	
Leieinntekt bileilighet (overført fra Boliglån)	kr	0
Bostøtte	kr	
Andre inntekter	kr	
Samlet bruttoinntekt pr. mnd		73 940
Skattetrekk (beregn dette hos www.skatteetaten.no)	kr	18 000 *3)
Nettoinntekt		55 940

Utgifter pr. måned

Boutgifter	Anslag pr. år	Beløp pr. mnd
Kommunale avgifter	10 000	kr 833
Bolig-/innboforsikring	6 000	kr 500
Strøm	15 000	kr 1 250
Vedlikehold bolig	4 000	kr 333
Husleie / fellesutgifter		kr 0
Legg inn lån i Boliglån fanen		
	Beløp	Rentesats År mnd. beløp 1.år
Privat bank	4 000 000	5,00 % 30 kr 21 503 *2)
Startlån	1 000 000	6,25 % 30 kr 6 187
	0	kr
Sum boutgifter		30 607
Andre utgifter		Beløp pr. mnd
Barnehage, SFO		kr 2 700
Barnebidrag (betalt)		kr
		kr
Sum		2 700
Andre lån	Beløp	
Studielån	200 000	kr 1 500
Forbrukslån	200 000	kr 3 500
		kr
Sum andre lån		5 000
Total lånebelastning	kr 5 400 000	
Sum utgifter		kr 38 307

Resultat før forbruksutgifter
17 633

29. mars 2017

Utskrevet 29.03.2017

Resultat før forbruksutgifter (overført)
17 633

Beregning av forbruksutgifter pr. måned:

	Under 10 år	Over 10 år	Voksne
Ant. barn og voksne	2		2
Mat og drikke	2 768		5 030
Klær og sko	1 054		1 630
Helse og hygiene	494		1 250
Lek og fritid	1 060		2 360
Reiseutgifter	414		1 380
Sum pr. gruppe	5 790	0	11 650
Redusert med antatt stordriftsfordel			-3 488
Sum personlige utgifter			13 952
Andre husholdsutgifter	4 person(er)		
Andre dagligvarer	550		
Husholdsartikler	600		
Møbler	610		
Mediebruk og fritid	2 300		
Bilkostnader	2 270	<input type="checkbox"/> Har ikke bil	
Sum husholdsutgifter			6 330
Familiens forbruksutgifter pr. måned			20 282

Satsene brukt over er en forenklet versjon av SIFO-2016 satsene

Versjon 05.04.16

Underskudd etter SIFO-budsjettet
-2 649
OBS !

*3) Har du ikke boliglån fra før vil låneopptaket medføre at du vil få en skatte-reduksjon på inntil 5230 pr. mnd. første år.
Har du boliglån fra før, må du beregne hvor mye mer/mindre renter du kommer til å betale, og trekke fra 24% av rentene i skatten du betaler.

Tilskotsavtale – tilskot til tilpassing

Saksnr.:

Utskriftsdato: \$

Underteikna \$, f.nr. \$/org.nr. \$,

erkjenner å motta tilskot frå \$ kommune på

kr \$,- (tall) \$ (bokstaver).

Nedskrivning

Tilskot til tilpassing nedskrivast med 10% per fullførte år (12 månader) frå utbetalingsdato.

Pantsettingserklæring/sikkerheit

Dei forpliktingar, med tillegg av eventuelle renter, provisjon og kostnader, som tilskotsmottakaren(e) har eller måtte få overfor kommunen, ifølgje dette gjeldsbrev/tilskotsavtale, sikrast med pantedokument på kr \$,- med pant i gnr. \$ bnr. \$ i \$ kommune.

Pantedokumentet skal ha \$ prioritett.

Sikkerheita gjeld for krav om tilbakebetaling av tilskotet i henhold til vilkåra i bevilgningsbrevet/vedtaket og denne avtalen.

Vilkår for tilskotet

- Bustaden(e) skal disponerast etter vilkåra i vedtaket og denne avtala i minst 10 år frå utbetalingsdato.
- Bustaden(e) må til einkvar tid brukast som heilårsbustad av tilskotsmottakar.
- Bustaden(e) kan ikkje overdragast eller disponerast av annan person/husstand.
- Tilskotsmottakar pliktar å sørge for forsvarleg stell og vedlikehald av eigedomen slik at kommunen sin sikkjerheit ikkje vert redusert.

Kommunen kan krevje å få tilbakebetalt den delen av tilskotet som ikkje er nedskriven, dersom vilkåra for tilskotet ikkje blir følgt. Herunder om eigedomen går tapt eller blir skadd ved ei tilfeldig hending slik at pantesikkerheita blir vesentleg svekka. Kommunen kan i særlege tilfelle bestemme at krav om tilbakebetaling av tilskot kan gjerast om til eit rente- og avdragspliktig lån.

Kommunen har rett til å krevje betalt attende heile tilskotet – også tilskot som er nedskriven - dersom det er gitt ukorrekte eller ufullstendige opplysningar til kommunen. Føresetnaden er at mottakar av tilskotet forstod eller burde ha forstått at opplysningane, eller fråvær av opplysningane, kunne ha vesentleg betydning for kommunen.

Drive inn gjeld

Når kommunen har rett til å krevje tilskotet tilbake, kan tvangssal av den pantsatte eigedomen skje, dersom tilskotet ikkje vert betalt tilbake innan den fristen kommunen set. Ved delvis dekning avgjer kommunen kva delar av kravet, inklusive renter og kostnader, som skal dekkjast først.

Utbetalingsfullmakt

Kommunen har ufråvikeleg fullmakt til å utbetale tilskotet til \$.

Tilskotet utbetalast til konto nr. \$.

Aksept av vilkår

Underteikna aksepterer med dette vilkåra i denne avtala.

Avtala er utferdiga i to eksemplar der tilskotsmottaker tar vare på det eine. Det andre eksemplaret returnerast kommunen i underteikna stand.

(Stad)

(Dato)

(Underskrift mottakar av tilskotet)

(Gjenta med blokkbokstavar)

(Underskrift mottakar av tilskotet)

(Gjenta med blokkbokstavar)

Ektefelle /registrerte partnarar sin underskrift

Som ektefelle/registrert partnar samtykkjer eg herved i pantsettinga som nemnt ovanfor, det vil seie at vår felles bustad blir pantsatt heilt ut.

(Stad)

(Dato)

(Underskrift låntakar)

(Gjenta med blokkbokstavar)

Tvangsgrunnlag

Dersom pantesikkerheiten ikkje er tilstrekkeleg til å dekkje eit eventuelt krev om å betale tilbake, så bør tilskotsavtala vera utforma slik at ein har eit tvangsgrunnlag. Det kommunen då må gjere er:

- Ta inn følgjande formulering i avtala: «Underteikna vedtar at gjeld med renter, forsinkingsrenter og utanrettslege kostnader kan drivast inn utan søksmål, jf. tvangsfullbyrdingslova av 26. juni 1992 § 7-2 (a)».
- To vitner må stadfeste tilskotsmottakar/ane si underskrift.

Vil du vite meir om tvangsgrunnlag og utlegg? Sjå politiet sin heimeside:

<https://www.politi.no/tjenester/tvangsfullbyrdelse/utlegg/>



Husbanken

Alle skal bu godt og trygt

For ditt næraste regionkontor, ring 22 96 16 00